



Skjåk kommune

Møteinkalling

Utval: **Skjåk kommunestyre**

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 29.10.2014

Tid: 18:00

Forfall skal meldast til utvalssekreterer som syrgjer for innkalling av varmedlemmar. Varmedlemmar møter berre ved spesiell innkalling.

Saksliste

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 72/14	Framtidlig eigarforhold og drift av vegen Tuva- Sota	
PS 73/14	Avtale mellom Skjåk almenning og Skjåk kommune om bygging og vedlikehald av sykkeltracé Uppnose - Nysetra	
PS 74/14	Bruheimsjubileet	
PS 75/14	SFO betalingsordning	
	Eventuelt	

Informasjon frå:

- Gode vegar ved Svein Sunde
- Skjåk ungdomsråd

	Skjåk kommune Plan, samfunn og miljø	Arkivsak: 2007/568-34 Arkiv: Saksbehandlar: Per Dagsgard Dato: 16.09.2014
---	--	--

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
55/14	Miljø- og næringsutvalet	09.10.2014
112/14	Formannskapet	21.10.2014
72/14	Skjåk kommunestyre	29.10.2014

Framtidig eigarforhold og drift av vegen Tuva- Sota

Saksutgreiing

Skjåk kommunestyre har i sak 49/13 sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på framtidig eigarforhold og drift av Sotvegen.

Gruppa har vore samansett av:

- Arild de Presno (leiar)
- Tor Arne Rønningen
- Sissel Skogheim
- Heidi Banken Fallingen
- Magne Nyhus

Arbeidsgruppa hadde siste møte 03.07.2014 og har lagt fram si innstilling som vart lagt ut på høyring:

«*Utvalget meiner at ein drift av slik veg ikkje er ei kommunal oppgave og vil tilrå at kommunestyret nedklassifiserer vegen etter veglova.*

Vegen bør eigast og driftast av dei som har interesser. Desse interessentane må da danne eit vegselskap, evt. overta dagens kommunale aksjeselskap.

Utvalet vil tilrå at kommunestyret løyver kr 1 mill pluss at framtidig drivare/eigare av vegen vederlagfritt overtaking av bomstasjon og Skjåk utbyggingsselskap AS.»

Høyringsfrist vart sett til 31.08.2014 og vart sendt:

- Skjåk almenning
- Lidar velforening
- Den norske turistforening
- Mysubyttvegen
- Seterlaget på Sota
- Nasjonalparkstyret for Breheimen

Ved høyringsfristen var det kome inn følgjande merknader:

Skjåk almenning.

Almenningsstyret ynskjer at kommunen arrangerer eit fellesmøte der alle interessentar i Sotvegen deltek før dei tek endeleg standpunkt i saka.

Prinsipielt meiner styret i Skjåk Almenning dette:

- Skjåk kommune må ta hovudansvaret i arbeidet med organisering av veglaget. I dette arbeidet må også dei andre interessentane representerast, og ulike sider av saka må drøftast. Momskompensasjon er eit moment i drøftinga.
- Skjåk kommune må ta minimumsopprustning av vegen.
- Skjåk kommune har utvilsamt eit vedlikehaldsansvar i Sotvegen med bakgrunn i tidlegare kommunestyrevedtak. Dette medfører at Skjåk kommune må vera part i veglaget.

Skjåk Almenning ynskjer ein dialog i saka, og håpar at eit fellesmøte blir arrangert snarast.

Styret i Mysubyttvegen

Vegselskapet har nok med drifting av eigen veg, men peikar på at Sotvegen treng styrka vedlikehald. Dei meiner at Skjåk almenning må vera ein hovedaktør i eit veglag.

Setereigarane på Dyringen og Brennsetra burde vore part i høyringa.

Lidar vel

Velforeninga meiner at Sotvegen er så viktig for Skjåk at dagens ordning med kommunalt eigarskap og driftsansvar held fram. Vegen må rustast opp og det bør framleis vera heilårsveg. Pris på årskort må haldast på dagens nivå.

Dersom vegen blir nedklassifisert ser dei det som ein fordel om deler av eigarskapet blir lagt ut for sal til alle hytte- og setereigarar i området.

DNT Oslo og Omegn.

Dnt støttar forslag frå Skjåk almenning om eit felles møte og vil vurdere saka etter dette.

Vegen er svært viktig for drifta av Sota sæter og dei ynskjer å bidra for å finne ei løysing.

Dnt meiner at det er naturleg at Skjåk kommune er involvert i drift av vegen.

Dersom det ikkje blir arrangert fellesmøte ber Dnt om å få beskjed om dette slik at dei kan supplere uttala si.

Avsluttande møte i arbeidsgruppa.

Gruppa hadde møte 10.09.2014 og gjekk gjennom merknadane som har kome inn.

«Etter høring har gruppa sett igjennom høringsuttalelser som har kommet in og beklager at ikke setrene på Dyringen og Brennsetra ble part i høringa. Vi tror derimot ikke at dette hadde påvirkat innstillinga som går til kommunestyret.

Arbeidsgruppa har følgende innstilling til kommunestyret:

1. Vegen vart nedklassifisert allerede fra 1/7-2003 i kommunestylesak 19/03. Gruppa mener at Skjåk kommune skal avhende den private vegen til de som har interesser i området og oppløse det kommunalt valgte vegstyret.

Begrunner dette med følgende: Historikk tilsier at dagens vedlikehold har endra seg drastisk de siste 40-50 åra, mener det ikke er riktig at kommunen skal stå for dette og vår vurdering er at det ikke er vedtak på dette tidligere. (Har bare blitt sånn. Andre veger inn i fjellområda har private bomselskaper som driftes og eies av de som har interesse i området. Mange meninger om drifting og vedlikehold av vegen har ført til negative henvendelser til kommunen. Bedre at de med engasjement for vegen overtar hele ansvaret. Det ligger også en økonomisk usikkerhet for kommunen ved å være eier av vegen.

2. Det kommer fram i høring at det er ønskelig med felles møte/dialog for partene slik at de bedre kan vurdere saken. Etter møtet med Skjåk Almenning sitt styre og påfølgende

høringsrunde med innspill, mener arbeidsgruppa at det ikke er behov for flere runder for å oppfylle mandatet fra kommunestyret.

Vurdering: Dersom det i kommunestyret blir vedtak om avhende vegen, må Skjåk kommune invitere bredt til informasjon og dialog med interessenter i området.»

Vurdering

Arbeidsgruppa har nå lagt fra si innstilling.

Dette er ei politisk nedsett gruppe som skal gje råd til kommunestyret.

Rådmannen meiner at kommunestyret nå må ta stilling til det arbeidsgruppa har kome fram til.

Skjåk kommunestyre vedtok i sak 19/2003 å nedklassifisere kommunal veg Tuva – Sota til privat veg med Skjåk utbyggingsselskap AS som eigar frå 1. juli 2003. Interessentar i området vart invitert til aksjeteikning.

Den gongen førde det ikkje til at andre var interessert i aksjeteikning.

Kommunestyret må ta stilling til om dei vil gå for arbeidsgruppas forslag eller fortsette dagens ordning.

Dersom kommunestyret går for innstillinga til arbeidsgruppa er truleg den enklaste løysinga at aksjane i Skjåk utbyggingsselskap As blir overført til andre interessentar.

Det må det fastsettast kven som skal føre dialog med desse. Når det har vore forhandlingar må saka attende til kommunestyret for endeleg vedtak og evt. løyving til opprustingstiltak m.v.

Innstilling frå arbeidsgruppa.

Skjåk kommunestyre vedtek å avhende den private vegen Tuva – Sota til dei som har interesser i området og oppløyse det kommunalt valde vegstyret.

Behandling i Miljø- og næringsutvalet - 09.10.2014

Per Lars Lien bad om at utvalet vurderer om han er habil i saka.

Utvalet vedtok samrøystes at han var inhabil i saka.

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 09.10.2014

Miljø- og næringsutvalet vil tilrå at kommunestyret gjer følgjande vedtak:

Skjåk kommunestyre vedtek å avhende den private vegen Tuva – Sota til dei som har interesser i området og oppløyse det kommunalt valde vegstyret.

Kommunestyret vel kommunen sine medlemmer i eit forhandlingsutval.

Samrøystes

Behandling i Formannskapet - 21.10.2014

Formannskapet sitt framlegg for kommunestyret var samrøystes.

Framlegg frå Formannskapet - 21.10.2014

Skjåk kommunestyre vil avhende sitt eigarforhold til vegen Tuva – Sota til dei som har interesser i området og oppløyse det kommunalt valde vegstyret.

Kommunestyret vel kommunen sine medlemmer i eit forhandlingsutval for å finne ei god løysing.

	Skjåk kommune Personal, kompetanse og utvikling	Arkivsak: 2013/932-3 Arkiv: Q21 Saksbehandlar: Per Dagsgard Dato: 18.09.2014
---	---	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
51/14	Miljø- og næringsutvalet	09.10.2014
113/14	Formannskapet	21.10.2014
73/14	Skjåk kommunestyre	29.10.2014

Avtale mellom Skjåk almenning og Skjåk kommune om bygging og vedlikehald av sykkeltracé Uppnose - Nysetra

Saksutgreiing

Miljø- og næringsutvalet vedtok i sak 51/13 at arbeidet med sykkelstig gjennom Billingsdalen skulle starte opp med start frå Dønfoss.

Kommuneadministrasjonen har i samarbeid med Skjåk almenning utarbeidet ein plan for strekninga Uppnose – Nysetra der kommunen går inn med løvning frå

Samferdselsdepartementet og almenninga går inn med eigne midler/statstilskot til bygging av skogsveger.

Med dette samarbeidet ser det ut til at ein kan få til samanhengane sykkeltrace på heile strekninga.

Som grunnlag for denne utbygginga er det utarbeidt forslag til avtale om bygging og vedlikehald av vegane.

For strekningane Åslivegen-Åsen og Billingen-Fjello har ikkje almenninga bruk for skogsveg og denne er foreslått bygd og vedlikehalde av kommunen.

For dei andre strekningane som manglar veg blir desse bygde i samarbeid.

Så langt ser kostnadsoverslaget slik ut:

Budsjettykkeltrasè	Lengde	Pris	Kostnad	SK	SA
Bjønnaskriu opprusting	1100	230	253 000	75 900	75 900
Bjønnaskriu lastbærarveg	1600	150	240 000	168 000	
Slirstrand skogsbilveg	1500	450	675 000	202 500	202 500
Åsen sykkelstig	535	150	80 250	80 250	-
Billingen sykkelstig	1630	150	244 500	244 500	-
Gamle Geirangervegen			150 000	150 000	-
Skilting			50 000	50 000	-
Bredding av trasè					
Sum			1 692 750	971 150	278 400

Det er brukt priser etter opplysninger frå Skogbruksjefen.

Det er innrekna 40% tilskott til skogsbilveg og 30% tilskott til lastbærarveg.

Vedlikehald.

Etter avtala har kommunen ansvar for vedlikehald av dei vegane kommunen bygger.

Skjåk almenning har ansvar for skogsvegane sine opp til den standard dei treng, dersom kommunen ynskjer høgare standard tek dei kostnadane.

Ved større naturskader blir kostnadane delt 50/50, her vil erstatning frå naturskadefondet koma i frådrag.

Vurdering

Rådmannen meiner det er heilt nødvendig å regulere bygging og vedlikehald av sykkelstig/skilløypetrace i eigen avtale.

Ved bygging etter denne avtala vil ein dra nytte av statstilskot til bygging av skogsveger.

Kommunen må vera med og ta noko av vedlikehaldet, men dette er ikkje forventa å innebere høge utgifter. Det er tanken av Skjåk turløyper kan ta seg av dette når det gjeld ettersyn og mindre reparasjoner.

Rådmannen si innstilling

Formannskapet godkjenner forslag til avtale mellom Skjåk almenning og Skjåk kommune

Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 09.10.2014

Miljø og næringsutvalet vil tilrå at formannskapet gjer følgjande vedtak:

Formannskapet godkjenner forslag til avtale mellom Skjåk almenning og Skjåk kommune

Samrøystes

Behandling i Formannskapet - 21.10.2014

Samrøystes: Saka blir lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Framlegg frå Formannskapet - 21.10.2014

Skjåk kommunestyre godkjenner forslag til avtale mellom Skjåk almenning og Skjåk kommune

Avtale om bygging og vedlikehald av sykkeltrasè Uppnose bustadfelt-Nysetra

Mellom
Skjåk Almenning (SA) som grunneigar og Skjåk kommune (SK)

Avtalen gjeld sykkeltrasè frå Uppnose bustadfelt til Nysetra:

Traseen er oppdelt i ulike parsellar:

1. Skogsbilveg frå øvste snuplass i Uppnåse bustadfelt til Bjønnaskriu.
2. Lassbærarveg frå parsell 1. til dammkrona på Heggebottvatnet
3. Skogsbilveg frå dammkrone på Heggebottvatnet til utløpet frå Framruste kraftverk (frå Framruste kraftverk til Åslivegen har Øvre Otta vedlikehaldsansvar).
4. Åslivegen til dagens snuplass på denne vegen (ca 500 m sør-øst for Åsen seter)
5. Frå snuplassen i parsell 4 til Åsen seter og vidare over bru til Rv.15
6. På nordsida av Rv.15 til handicaphytta i Billingen hyttegrend
7. Frå handicaphytta til Nysetra

Tiltak på dei ulike parsellane

1. Opprusting av eksisterande veg pluss nybygging av skogsbilveg i den nordlege delen av denne parsellen.
2. Bygging av lassbærarveg og grusing av denne.
3. Lett opprusting av vegstrekninga frå dammkrone på Heggebottvatnet til utløpet frå Framruste kraftverk. Nybygg av skogsbilveg på Slirstrand.
4. Lett opprusting.
5. Nybygg av sykkelveg på veglaus del.
6. Nybygg av sykkelveg på veglaus del.
7. Rydding av vegkantar og evt. utskifting av stikkrenner.

Byggjeprosjekt

- For parsell 1,2 ,3 og 4 er SA byggherre.
- For parsell 5, 6 og 7 er SK byggherre.

Kostnadsfordeling

- 50% kostnadsfordeling etter statstilskot mellom SA og SK for parsell 1, 3 og 4
- For parsell 2 yter SK tilskot til SA tilsvarannde total kostnad.
- SK kostar sjølv utbygging av parsell 5, 6 og 7.

Kostnader

Kostnader til prosjektet vert klarlagt gjennom synfaring på barmark og anbodsprosess.

Eventuell opprusting av eksisterande vegstrekning (Slirsstrand og Åslivegen), vert klarlagt gjennom synfaringa.

Foresetnader

SK får rett til å merke traséen frå Uppnåse bustadfelt til Nysetra.

SK har rett til og har ansvar for å vedlikehalde merking av traséen og dei innretningar som er laga som ledd i denne. Merkehædboka skal nyttast ved merking.

SK har ansvar for rydding av søppel.

SK stiller garanti for at sykkelvegen frå Uppnåse blir knytt saman med handicaptraséen ved Fjellro/handicaphytta innan 2015.

Vedlikehald

SA har ansvar for drift og vedlikehald av vegar som er naudsynt for drift av skogen i parsell 1, 3, og 4.

SK har ansvar for drift og vedlikehald i parsell 2, 5, 6 og 7.

Utover kva som er naudsynt for drift av skogen i parsell 1, 3, og 4 tek SK vedlikehaldet. Ved naturskade blir kostnadsfordeling 50/50 mellom SA og SK i parsell 1, 3 og 4.

SK har rett til å inngå eigin avtale om drift og vedlikehald med ski-og loypeinteressentar på parsellane. Skjåk Almenning skal godkjenne denne.

Drift av skogen

SA si næringsutøving skal ikkje avgrensast av avtalen. Før igangsetting av arbeid som vil gjere det vanskeleg å bruke vegen, skal SA varsle SK, som om naudsynt varslar brukarane.

Tvist

Eventuelle tvistar om korleis ein skal forstå denne avtalen, kan avgjerast ved voldgift ihht Lov om voldgift.

Bismo

Skjåk Almenning

Skjåk kommune

	Skjåk kommune Kultur	Arkivsak: 2014/705-1 Arkiv: X01 Saksbehandlar: Susanne Ramstad Brenna Dato: 24.09.2014
---	--------------------------------	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
16/14	Kultur- og oppvekstutvalet	07.10.2014
118/14	Formannskapet	21.10.2014
74/14	Skjåk kommunestyre	29.10.2014

Bruheimsjubileet

Saksutgreiing

Jan-Magnus Bruheim jubileet 2014 har så langt vore ein stor suksess.

Av programmet kan ein nemne:

- Diktarstig ved Billingen 2013
- Inspirasjonskveld på ungdomsskulen hausten 2013
- Utstilling på biblioteket
- Kulturarrangement på Skjåkheimen
- Skrivekurs for elevar
- Lansering av bok og cd på Det Norske Teateret (fullt hus midt på dagen ein fredag)
- Deltaking på lyrikkveke ved Det Norske teateret
- Festforestilling i Marlo grengehushus
- Lyrikk-kveld for og med elevar på ungdomsskulen
- Tilstelling i gendehuset i Skogbygda Vågå
- Huslydkveld i Øygard skule
- Konsert i Botnane (Sigrid Moldestad) (mange hundre tilhøyrarar)
- Kyrkjekonsert i Skjåk (Sigrid Moldestad)(full kyrkje)
- Forestilling på biblioteket hausten 2014(Kirsti Maanum og Tore J. Rødølen)
- Kulturkveld Marlo grengehushus hausten 2014

Fleire arrangement i Skjåk, arrangement i Oslo, i Vågå og i Botnane.

Sigrid Moldestad med cd med tekster av Jan-Magnus Bruheim, får strålende kritikk.

Boka «Dikt i utval» vart utgjeven i februar. Boka har selt så godt at nytt opplag er tinga.

Jubileumsnemnda har heimesida og etablert venneforeining.

Til og med postkort og handlenett med motiv og dikt av Jan-Magnus har jubileumsnemnda til sals. Og koppar med Jan-Magnussitat blir etterspurt.

Ut over det jubileumsnemnda arrangerer, reiser Moldestad på turne med Jan-Magnus cd-en «Brevet til kjærleiken», og fleire andre arrangement rundt omkring spreier lyrikken hans utover landet. Bl.a. blir diktet «Den annsame» i år brukt i norgesmeisterskapet i litteraturformidling. NRK har hatt gåande ein Bruheim serie, som har gått både i distriktsendinga og på riksnettet.

Arrangementa som starta med kultur- og naturstig ved hytta til Jan-Magnus var planlagt avslutta med kulturkveld hausten 2014.

Men slik dette har utvikla seg, er det ingen ende å sjå. Det strøymer på med tingingar av bok og cd, og nemnda har planer om ei barnebok med dikt som ikkje tidlegare er utgjevne. Moldestad snusar på ei barneplate. Det kan berre ikkje stoppe...

Nemnda tykkjer det er heilt meiningslaust om prosjektet skal stoppe nå, og at eit eventuelt overskot skal gå inn i det store sluket. Prosjektet bør få behalde eit overskot for at arbeidet kan fortsetja vidare.

Vurdering:

At Jan-Magnus Bruheim jubileet har blitt så stort er takka vere ein enorm innsats av jubileumsnemnda og ikkje minst ein formidalbel jobb av prosjektleiar.

Jan-Magnus Bruheim jubileet gjer Skjåkbygda kjent i det kulturelle Norge. Merksemda rundt Bruheim og Skjåk har teke heilt av, og media har vore strålende i sine omtaler. Det gjev ei enorm Skjåkrekklame. Å få programserie i Nrk er stort. Skjåk-namnet på cd-coveret til Sigrid Moldetad betyr og mykje. Effekten av jubileet blir gjerne større enn det vi ser i dag.

Prosjektet gjev og sysselsetjingseffekt og økonomiske ringverknader.

Prosjektet sysselset ei 25% stilling, samt at det generer stor aktivitet på kulturfronten, som for mange og gjev næringsinntekt (artistar, platestudio, bokredaktør, artikkelskrivarar, trykkeri, andre utøvarar, diverse tilretteleggjarar og hjelpesmannskap, overnatting- og serveringsplassar..). Må her nemne at lokale næringsutøvarar innen kulturbransjen som Endre Skjåk m.fl. har fått finansiert prosjekt med tema Jan-Magnus Bruheim.

Arbeid med jubileet har tilført kommunen kompetanse, noko kommunen seinare kan ha nytte av.

Pr. dato er prosjektet i overskot og dei ynskjer å fortsetja, da det ligg føre planar om ei barnebok og kanskje etter kvart ein cd til av Moldestad. Uansett må einkvan fylge opp alle spørsmål og bestillingar som dagleg strøymer inn til prosjektleiar.

Rekneskapen går over kommunebudsjettet, og eit overskot ved nyttår når prosjektet er slutt vil da forvinne. Det vil gje eit negativt signal. Nemnda vil føle seg snytt og vil neppe orke å starte opp på nytt. Det er og slik at prosjektet utanom kommunalt tilskot, har fått eksterne midlar frå ymse hald. Pengar innkomne via venneforeininga går og inn i prosjektrekneskapen. Det blir litt feil om kommunen «skal ta desse».

I dag ser ein at Jan-Magnus Bruheimprosjektet allereie frå starten av kanskje skulle ha vore fristilt frå kommunen, men ingen kunne da sjå føre seg kor omfattande dette vart.

Sett frå rekneskapshald er det lite ynskjeleg med prosjekt og fond som aldri blir avslutta. Eit prosjekt skal ha ein ende, men å avslutte Bruheim nå, for så å starte opp att, blir heilt feil.

Rådmannen ser det slik at den beste løysinga er at pengar innbetalt til venneforeininga må ut frå kommunen, og at eit eventuelt overskot i Jan-Magnus Bruheimprosjektet ved årsslutt bør avsetjast i fond. Neste steg bør bli at heile prosjektrekneskapen blir skilt ut frå kommunen. Ei naturleg utvikling vil vera at venneforeininga overtek det vidare arbeid.

Rådmannen si innstilling

Skjåk kommune vedtek ved årsavslutting ei slik disponering av Jan-Magnus Bruheimprosjektet:

1. Innbetalt kontingent til venneforeininga blir skilt ut frå kommunerekneskapen.
2. Eventuelt overskot i prosjektet Jan-Magnus Bruheim blir avsett på fond for vidare drift.

Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 07.10.2014

Skjåk kommune vedtek ved årsavslutting ei slik disponering av Jan-Magnus Bruheimprosjektet:

1. Innbetalt kontingent til venneforeininga blir skilt ut frå kommunerekneskapen.
2. Eventuelt overskot i prosjektet Jan-Magnus Bruheim blir avsett på fond for vidare drift.
Samrøystes.

Behandling i Formannskapet - 21.10.2014

Sigrun Eide orienterte om Bruheimjubileet.

Tor Jevnheim (Ap) foreslo eit tillegg (pkt. 3) som formannskapet samrøystes slutta seg til.

Vedtak i Formannskapet - 21.10.2014

Skjåk kommune vedtek ved årsavslutting ei slik disponering av Jan-Magnus Bruheimprosjektet:

1. Innbetalt kontingent til venneforeininga blir skilt ut frå kommunerekneskapen.
2. Eventuelt overskot i prosjektet Jan-Magnus Bruheim blir avsett på fond for vidare drift.
3. Bruheim-nemnda disponerer fondet inntil vidare organisering er avklara.



Skjåk kommune

Personal, kompetanse og utvikling

Arkivsak: 2014/714-1

Arkiv: A22

Saksbehandlar: Anna Krogstad

Dato: 29.09.2014

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvale	Møtedato
12/14	Kultur- og oppvekstutvalet	07.10.2014
120/14	Formannskapet	21.10.2014
75/14	Skjåk kommunestyre	29.10.2014

SFO betalingsordning

Vedlegg

- 1 Skulefritidsordning (SFO) Skjåk kommune Norberg skule/ Marlo skule

Saksutgreiing

Barneskulerekotorane har vurdert SFO tilbodet i Skjåk kommune, og dei ynskjer å gjera ei endring på det tilbodet dei har i dag. I ordninga som gjeld for skuleåret 2014/2015 har føresette moglegheiter for å kjøpe både dagar og timer, totalt 10 ulike alternativ. I tillegg kan ein kombinere dette att. Ordninga er svært brukarvenleg, men gjer at administreringa og gjennomføringa av SFO er både tid –og ressurskrevjande.

Rektorane foreslår å byggje opp SFO tilbodet utifrå dagsbehov, uavhengig om ein ynskjer SFO om morgonen, ettermiddag eller både delar. Dette fører til at ein går bort frå tilbodet om å kjøpe timer, eit tilbod som og er relativt dyrare enn dagstilbodet.

Når det gjeld prisar for SFO foreslår rektorane å halde fram med dei prisane vi har i dag, sjå vedlegg. SFO prisane er ikkje inkludert mat, og føresette får i dag eit eige billag på dette ein gong i halvåret. Dette heng att frå tidlegare når enkeltelevar ikkje nytta seg av tilbodet av matservering i SFO-tida, men nå et alle elevane på SFO. Dermed foreslår vi at betaling av måltida er inkludert i SFO-prisane, slik at føresette betre ser kva SFO tilbodet kostar. Prisen for eit måltid på SFO er sett til sjølvkost, og dette varierer frå 15 – 18 kr per dag.

Rådmannen si innstilling

1. SFO tilbodet blir gjeve utifrå dagsbehov og ikkje utifrå timesbehov.
2. Måltida skal vera inkludert i SFO prisane.
3. Utover dette blir det ingen endring i satsane for SFO utover ordinær prisstigning.

Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 07.10.2014

Rådmannen si innstilling

1. SFO tilbodet blir gjeve utifrå dagsbehov og ikkje utifrå timesbehov.
2. Måltida skal vera inkludert i SFO prisane.
3. Utover dette blir det ingen endring i satsane for SFO utover ordinær prisstigning.

Samrøystes

Behandling i Formannskapet - 21.10.2014

Formannskapet sitt framlegg var samrøystes.

Framlegg frå Formannskapet - 21.10.2014

1. SFO tilbodet blir gjeve utifrå dagsbehov og ikkje utifrå timesbehov.
2. Måltida skal vera inkludert i SFO prisane.
3. Utover dette blir det ingen endring i satsane for SFO utover ordinær prisstigning.